

Årskog

TEMA: Oppstadveven Ⓓ124, Frå monumentvem til miljøvem Ⓔ415



Gardstunet på Årskog.

Garden ÅRSKOG ligg i eit typisk kystlandskap, i lett skrånande lende frå lyngbeia i utmarka og ned mot fjorden. Gardstunet ligg slik det var på 1800-talet. I 1980 gav dei to brørne, Lars og Olai Årskog, garden til museumsføremål, med all reiskap og husbunad frå dei siste hundre år.

EIT KULTURLANSDSKAPSMUSEUM



Åkle frå Høyland på Stord – vove på oppstadvev.

Garden ligg i eit lite dalsøkk ved Årskogelva; eit innhaldsrikt kulturlandskap, med lauvskogkjerr, rydningsrøysar, blomeenger og lyng.

Garden har vore i same ætta i meir enn 300 år; ein jamn velstandsgard. Eit arveskifte frå 1794 viser eit verde av 3186 riksdalar. Det var det rikaste buet i Våg skipreide. I dag er Årskog eit museum, opna i 1988, og det er mellom anna ei unik tekstilsamling på garden. □



Kljåsteinar frå vikingtida. Tusen år gamle vevlodd, funne i ei kvinnegrav på garden Fitjar.



Berta Liarbø i veven. Bilete frå 1990-talet.

ÅKLEVEVARAR I FITJAR

I naturallushaldet si tid var spinning og veving vanleg i alle heimar. Det var ikkje berre nokre få spesialistar som vov. Mor lærte dotrene sine å veva åkle, og somme vart dyktigare enn andre.

Ei oppstadgogn som i dag er på Årskog museum, er merkt A.J.D.V. 1855. Denne vevgogna vart truleg gjeven som bryllaups-presang då ANNA JOHANNESDOTTER VIK gifte seg i 1855. To av dotrene til KNUT OLSEN FITJAR og MARTA JENSDOTTER, MARI (f. 1809) og MARTA (f. 1807) var åklevevarar. Marta vart gift til Liarbø, og ho sett varande spor etter seg. Då mannen hennar døydde i 1841, var ho 34 år gammal og hadde 5 born. I andre ekteskapet fekk ho dottera ANNA i 1848. Anna fekk opplæring i oppstadvev av mor si, og ho lærte det vidare til dottera OLINE (f. 1884).

Og medan vevtradisjonen gjekk tapt på gardane ikring, heldt Oline Liarbø fram med åklevevinga og lærte dottera BERTA (f. 1921) vevkunsten. Mor og dotter drev dette husflidsarbeidet i mange år. Etter at Oline fall frå i 1974, har Berta Liarbø halde fram med vevinga og lært opp nye vevarar. Ein stor husflidstradisjon frå førhistorisk tid vert ført vidare – ein viktig del av den nasjonale kulturarven.